



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 03.11.2016 kl. 15:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Anne Grethe Lien	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem Til stades i sakene 47-53. Ugild i sak 51
Terje Mork	Medlem Til stades i sakene 49-59
Stein Hugo Fykse	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Sissel Hege Igland	Varamedlem

Forfall:

Leif Jørgen Leknes	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2016/47		Godkjenning av innkalling og dagsorden.	RUNE ZIENER
SR 2016/48		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 13.09.2016	RUNE ZIENER
SR 2016/49		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2016/50		Rehabilitering Kvammen kapell. Val av tilbud	RUNE ZIENER
FR 2016/51		Brannsikring Vilnes kyrkje. Val av tilbud.	RUNE ZIENER
FR 2016/52		Investeringsbudsjett 2016-2017. Justeringar	RUNE ZIENER
FR 2016/53		Løpar til Holmedal kyrkje	RUNE ZIENER

FR 2016/54		Plassering av skilt – Anders Askevold kulturhistoriske løype	RUNE ZIENER
FR 2016/55		Rutine for fjerning av gravminne når festar ikkje er registrert	RUNE ZIENER
SR 2016/56		Offerliste hausten 2016. Justering.	RUNE ZIENER
FR 2016/57		Utstillingsmonter til messehakel, Holmedal kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2016/58		Lyssetting ved Vilnes kyrkje. Justert planskisse.	RUNE ZIENER
SR 2016/59		Val av leiar og nestleiar i Askvoll sokneråd	RUNE ZIENER

Askvoll, 03.11.2016

Rune Ziener

Ref

SR 2016/47 Godkjenning av innkalling og dagsorden.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden til møte i Askvoll sokneråd 03.11.2016 slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden til møte i Askvoll sokneråd 03.11.2016 slik dei ligg føre.

SR 2016/48 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 13.09.2016

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 13.09.2016 slik den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 13.09.2016 slik den ligg føre.

SR 2016/49 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar vert lagt fram i møtet

- M 2016/46 Kirkerådet/Miljøfyrtårn: *Oppfølging av klimamelding: Grøn kirke – miljøledelse i praksis (25.10.2016)*
- M 2016/47 Prosten i Sunnfjord: *Om endringar av prestetenesta i Sunnfjord (25.10.2016)*
- M 2016/48 Diakoniseminar i Askvoll kyrkje 23. november - oppgåvefordeling

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar og drøftingane til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar og drøftingane til orientering.

Soknerådet sitt AU førebur drøftingar og innspel til til planlagt møte med prosten 29.11.2016 i drøftingar om prestesituasjonen i Askvoll frå 2017.

FR 2016/50 Rehabilitering Kvammen kapell. Val av tilbod

UTGREIING

I sak FR 2016/37 vart det gitt fullmakt til soknerådsleiar og kyrkjeverje å foreta val av tilbydar for rehabilitering av takkonstruksjonen på Kvammen kapell.

Einaste mottekne tilbod/tilbodsestimat låg kr 446.000,- over budsjett (176.000,- om ein brukar avsetninga til ubunde kapitalfond).

I sak FR 2016/46 vart det vedteke å prøve å finne midlar innanfor gjeldande rammer for å dekke opp denne differansen. Ein treng ytterlegare kr 89.000,- for full inndecking. Dei økonomiske forholda ved saka vert handsama i budsjettjusteringssaka (FR 2016/52).

I og med at ein har hatt mislykka tilbodskonkurransen i prosjektet, kan ein vurdere ny konkurranse, men det er lite sannsynleg at ein får inn fleire tilbod på same prosjekt.

Etter Askvoll sokn sitt økonomireglement § 3-3 krev enkeltinnkjøp med verdi over kr 100.000,- godkjenning av Askvoll sokneråd.

Rehabiliteringsprosjektet er godkjent av Bjørgvin biskop, jf. brev av 24.05.2016.

INNSTILLING

1. Med atterhald om at ein får auka finansiering til prosjektet, vel Askvoll sokneråd å akseptere innkomne tilbod frå Norgeshus, Naustdal Bygg AS om rehabilitering av takkonstruksjon, m.v. på Kvammen kapell.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Med atterhald om at ein får auka finansiering til prosjektet, vel Askvoll sokneråd å akseptere innkomne tilbod frå Norgeshus, Naustdal Bygg AS om rehabilitering av takkonstruksjon, m.v. på Kvammen kapell.

FR 2016/51 Brannsikring Vilnes kyrkje. Val av tilbod.

UTGREIING

Etter mislukka tilbodskonkurranse for brannalarmanlegg til Vilnes kyrkje i sommar, har ein i etterkant kontakta aktuelle leverandørar av alarmsystem, med tilbodsfrist 17. oktober. Ein har motteke eitt tilbod innan fristen.

Tilbydar er Holmedal Elektriske AS, og tilbodet utan opsjonspunkt ligg på:

Brannteknisk konsulent som har arbeidd med prosjekteringa innstillar Holmedal Elektriske AS som leverandør på anskaffinga.

For vurdering av tilbodet, er tilrådd løysing med røyrnett av kopar framfor plast, då prisdifferansen mellom desse er forholdsvis låg. Opsjonspunkt med varmedetekterande kabel på fasade er tilrådd medteken, mens opsjonspunkta med branndeteksjon i reidskapslager/utedo, samt seviceavtale er tilrådd å ikkje ta med.

Samla pristilbod med tilrådd løysing er kr 376.195,- ekskl. MVA.

Tilbodet ligg såleis innanfor tidlegare sett estimat på kr 390.000,- ekskl. MVA.

Etter Askvoll sokn sitt økonomireglement § 3-3 krev enkeltinnkjøp med verdi over kr 100.000,- godkjenning av Askvoll sokneråd.

Det ligg førebels ikkje føre endeleg godkjenning av installasjonen frå biskopen, men det er sagt munnleg at denne snart skal vere klar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet på brannalarmanlegg frå Holmedal Elektriske, med røyrnett i kopar og opsjonspunkt på varmedetekterande kabel på fasaden.
2. Ein tek atterhald om at godkjenning frå biskopen ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Rune Ziener trekte punkt 2 i innstillinga, i og med at soknet no har motteke godkjenning av installasjonen frå biskopen.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet på brannalarmanlegg frå Holmedal Elektriske, med røyrnett i kopar og opsjonspunkt på varmedetekterande kabel på fasaden.

FR 2016/52 Investeringsbudsjett 2016-2017. Justeringar

UTGREIING

A. Søknad om tilleggsføring til prosjekt 1002, rehabilitering av Kvammen kapell, kr 89.000,-

Prosjektet Rehabilitering av Kvammen kapell viser seg å vere dyrare enn ein har budsjettert med i 2016. Jf. sak FR 2016/45, ligg nytt estimat kr 446.000,- høgare enn budsjettert anleggsarbeid. I tillegg ligg det inne eit avvik på kr 6.000,- budsjettert over tilgjengelege midlar i tidlegare års mindreforbruk til dette prosjektet.

I forhold til budsjettert prosjektkostnad i 2016 treng ein derfor kr 452.000,- i tilleggsfinansiering. For å få realisert prosjektet kan ein finansiere det meste av differansen ved bruk av ubunde og bunde fondsmidlar.

I tillegg bør ein søkje Askvoll kommune om auka prosjektfinansiering med kr 89.000,-

Bruk av ubunde investeringsfond	-295.000,-
Bruk av bunde fond Kvammen kapell	-11.000,-
Bruk av fond festeavgifter	-57.000,-
Auka tilskot frå kommunen	-89.000,-
Sum auka prosjektfinansiering	-452.000,-

B. Omdisponering av investeringsmidlar 2016 – justert beløp.

For prosjekt 1007, brannsikring Vilnes har ein redusert prosjektet i denne omgang til berre å omfatte alarmanlegg (sjå sak FR 2016/35, jf. tekstdel i ØP 2017-2010).

I budsjett for 2016 ligg det inne kr 800.000,- i kommunalt tilskot til prosjektet. Etter gjennomgang av mottekne tilbod kan ein redusere kommunen sin finansieringsdel med kr 320.000,- og nytte desse midlane til utviding av parkeringsplassen ved Vilnes kyrkje. I samsvar med økonomiplanvedtaket vert det søkt om godkjenning av denne omdisponeringa.

C. Andre justeringar i investeringsbudsjettet 2016

Mot årsavslutninga bør ein nedbudsjettere investeringsprosjekt ein ligg an til ikkje å få fullrealisert etter budsjettvedtaket. I justeringsforslaget er det også lagt inn andre justeringar tilpassa kjente kostnader.

I talvedlegget er også teke med ei kolonne med førebels investeringsbudsjett 2017 for prosjekta som allereie ligg inne i 2016-budsjettet til orientering.

Prosjekt 1002 Rehabilitering Kvammen kapell

Anleggsarbeidet her kan tidlegast ta til i april 2017. Anleggskostnad og byggeleingskostnad bør ein difor ta ut av budsjettet. Unytta, budsjettert bruk av

avsetningar vert inntektsført i 2016 og førebels berekna prosjektoverskot etter bruk av avsetningar vert avsett til ubunde kapitalfond, og finansierer delfinansiering av prosjektet i 2017.

42300	Byggteneste, nybygg -	-2 021 000
42700	Konsulenttenester	-97 000
44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	-530 000
45400	Avsett til ubunde kapitalfond	136 000
47290	Kompensasjon moms påløpt i inv.rekneskapen	530 000
48300	Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	1 976 000
49300	Bruk av tidlegare års rekneskaps mindreforbruk - i	6 000

Prosjekt 1003 Sikring mot Bakkeelva

P.g.a. manglande løyve til å gjennomføre sikringstiltak mot Bakkeelva, ligg ein an til heller ikkje i 2016 får til realisering av prosjektet.

Heile prosjektet er derfor i forslaget budsjettert ned.

42300	Byggteneste, nybygg -	-1 214 500
44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	-304 000
47290	Kompensasjon moms påløpt i inv.rekneskapen	304 000
48000	Tilskot frå staten/statlege institusjonar	1 019 000
48300	Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	195 500

Prosjekt 1005 Parkeringsplass Vilnes

P.g.a. problem med å erverve areal der ein førs hadde tenkt å utvide parkeringsplassen, har ein i ØP 2017-2020 vedteke å etablere parkeringsplass på alternativt areal. Dette er eit prosjekt som krev større investeringar.

I 2016 vil ein berre ha kostnad til projektskisse og kostnadsoverslag.

42300	Byggteneste, nybygg -	-110 000
42700	Konsulenttenester	-4 000
42800	Grunnerverv	0
44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	-28 000
47290	Kompensasjon moms påløpt i inv.rekneskapen	28 000
48300	Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	114 000

Prosjekt 1007 Brannsikring Vilnes

Ein får vonleg installert brannalarmanlegg i Vilnes kyrkje i 2016, men ikkje slokkeanlegg (som forutset andre tilleggstiltak/bygningsmessige endringar).

Forventa kostnad til installasjon av brannvarslingsanlegg og vert ståande att i budsjettet.

På finansieringssida er forslaget at heile fondsfinansieringa vert trekt ut, slik at heile prosjektet vert kommunalt finansiert (inkludert finansieringsdel overført frå drift).

42000	Inventar og utstyr	-620 000
42700	Konsulenttenester	100 000
44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	-100 000
47290	Kompensasjon moms påløpt i inv.rekneskapen	100 000
48300	Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	320 000
49500	Bruk av bundne fond	200 000

Prosjekt 7000 Eigenkapitalinnskot

Justering i samsvar med faktisk innskot i rekneskapsåret.

45200	Utlån, kjøp av aksjar og partsdelar	2 000
49700	Overføringar frå dr.rekn.	-2 000

Samla sett inneber justeringane i forslaget, når det gjeld kommunal løyving at ein samla sett vil få overført kommunalt investeringstilskot frå 2016- til 2017-budsjettet slik:

Kvammen kapell	1 976 000
Sikring mot Bakkeelva	195 500
Parkeringsplass Vilnes	114 000
Brannsikring Vilnes	320 000
Sum overført 2017	<u>2 605 500</u>

I tillegg til overføringane frå 2016 ligg inne for 2017:

Tilleggslyyving til Kvammen kapell, rehabilitering takkonstruksjonen, kr 89.000,-
Nytt prosjekt, innvendig rehabilitering Kvammen kapell, kr 1,1 millionar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ber om tilleggslyyving kr 89.000,- til eksisterande prosjekt 1002, rehabilitering av Kvammen kapell, og ber om oppfinansiering i 2017 (ref. pkt. A).
2. Askvoll sokneråd ber om omdisponering av kr 320.000,- av investeringstilskot frå brannsikring Vilnes kyrkje til utviding av parkeringsplassen på Vilnes kyrkje (ref. pkt. B).
3. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i investeringsbudsjettet 2016 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja (ref. pkt. C).

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ber om tilleggslyyving kr 89.000,- til eksisterande prosjekt 1002, rehabilitering av Kvammen kapell, og ber om oppfinansiering i 2017 (ref. pkt. A).
 2. Askvoll sokneråd ber om omdisponering av kr 320.000,- av investeringstilskot frå brannsikring Vilnes kyrkje til utviding av parkeringsplassen på Vilnes kyrkje (ref. pkt. B).
 3. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i investeringsbudsjettet 2016 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja (ref. pkt. C).
-

FR 2016/53 Løpar til Holmedal kyrkje

UTGREIING

I samband med målearbeidet innvendig på Holmedal kyrkje vinteren 2015, vart den gamle løparen kasta, fordi denne var i svært dårleg stand. Kyrkjelydsutvalet i Holmedal ønskjer at ein får på plass ein ny løpar, og føreslær at ny løpar kan verte finansiert med bunde fondsmidlar (gåvemidlar) til Holmedal kyrkje. Ved inngangen til 2016 sto det avsett kr 66.667,- i dette fondet, og det har komme inn litt meir i løpet av året som er sett i fond.

Det bør vere ein løpar i skipet, og i våpenhuset både av estetiske og støydempende årsaker. Kyrkjeverja har henta inn prisar og teppeprøvar frå to tilbydarar. Tilboda er svært ulikt prisa.

- Alt. norskprodusert, 170 cm bredde, ull (evt. ull med lininnslag): Totalpris 83.040,- (115.040,-) levert Askvoll/Holmedal
- Alt. britiskprodusert, 167 cm bredde, ull 80% med 20% nylon, lav luv: Kr 19.485,- levert Bergen.

Det er ikkje føreteke nokon kvalitetsmessig samanlikning av dei ulike typene.

Prisvurdering:

Det er ikkje økonomisk rom for det norskproduserte alternativet med tilgjengelege fondsmidlar.

Dersom det britiskproduserte alternativet har ein tilstrekkeleg kvalitet, bør ein velje dette alternativet, finansiert med bunde fondsmidlar til Holmedal kyrkje.

Fargevurdering:

Tidlegare løpar hadde ein strågul farge, men det er ikkje ein farge ein elles finn i rommet. Kyrkjeverja har drøfta fargeval med Bjørgvin bispekontor sin rådgjevar for kyrkjekunst og interiør, og det er førebels konkludert med at det bør vere ein grå farge, evt. gråfarge med grønne innslag.

Ny løpar til Holmedal kyrkje krev godkjenning av Bjørgvin biskop. Kyrkjeløparar er omfatta av Riksantikvaren si forenkla prosedyre for godkjenning av kyrkjetekstilar, og Riksantikvaren treng såleis ikkje uttale seg i saka før eventuell godkjenning.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ønskjer å anskaffe ny løpar til Holmedal kyrkje finansiert med bunde fondsmidlar, Holmedal kyrkje.
2. Ein vel typen Durham Twist Super 40, farge Pewter.
3. Dette vert innarbeidd som budsjettjustering i driftsbudsjettet for 2016.
4. Søknad om godkjenning av løparen vert sendt Bjørgvin biskop.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer å anskaffe ny løpar til Holmedal kyrkje finansiert med bunde fondsmidlar, Holmedal kyrkje.
2. Ein vel typen Durham Twist Super 40, farge Pewter.
3. Dette vert innarbeidd som budsjettjustering i driftsbudsjettet for 2016.
4. Søknad om godkjenning av løparen vert sendt Bjørgvin biskop.

FR 2016/54 Plassering av skilt – Anders Askevold kulturhistoriske løype

UTGREIING

Det går føre seg eit arbeid med å etablere ei kystpilegrimslei frå Nidaros til Rogaland. Prosjektet skjer i regi av fylkeskommunane langs kyststrekninga og i samarbeid med Riksantikvaren og kyrkja. Kyrkjevjerja i Askvoll er med i lokal prosjektgruppa for kystpilegrimsleia.

Innhaldsmessig har ein lokalt i Askvoll mellom anna arbeidd med ei kulturhistorisk vandringsløype med tema kunstmålaren Anders Askevold. To av postane er ved Askvoll kyrkje. Det eine løypepunktet er planlagt ved austenden av kyrkjegardsmuren og det andre ved hovudporten til kyrkja. Posten ved hovudporten gjeld altartavla i kyrkja som er måla av Askevold, og posten aust for kyrkja gjeld eit måleri sett i perspektivet frå om lag dette punktet.

Postene er tenkt markert med løypeskilt med referanse til ulike nettsider der det ligg informasjon (tekst-, lyd- og bildefilar). Skilta er av aluminium, blåfarga med ein diameter på 22 cm.

Prosjektgruppa ønskjer løyve til å setje opp desse skilta rett utanfor kyrkjegardsmuren desse to plassane på ca. 1 meter høge stålstoipar. Det er Askvoll kommune som eig grunnen der skilta er planlagt oppført, men i og med at skiltinga vil påverke kyrkja sitt ytre miljø, skal dette verte godkjent av bispedømmerådet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til at det vert montert opp to delpunktskilt for Anders Askevold kulturløype ved hovudport til Askvoll kyrkje og på austenden av kyrkjegardsmuren, og melder dette til Bjørgvin bispedømmeråd.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til at det vert montert opp to delpunktskilt for Anders Askevold kulturløype ved hovudport til Askvoll kyrkje og på austenden av kyrkjegardsmuren, og melder dette til Bjørgvin bispedømmeråd.

FR 2016/55 Rutine for fjerning av gravminne når festar ikkje er registrert

UTGREIING

Sidan 2014 har kyrkjeadministrasjonen hatt ein ekstra innsats for å oppdatere gravregisteret og kartlegge festarar. Eit viktig verktøy i dette arbeidet har vore å merke graver ein ikkje har registrert festarar på med skilt. Førebels har ein berre sett ut slike skilt på gravplassane i Askvoll, Holmedal og Gjelsvik. Det er jamt over god respons på denne skiltinga, og ein får tilbakemeldingar på at enkelte ønskjer å feste graver vidare, og andre ønskjer å slette graver og få gravminnet fjerna.

Arbeidet med å fjerne gravminne har ført til at det er eit stort tal gravminne som er sett til sides på gravplassane. I samsvar med førebels budsjettvedtak er desse tenkt fjerna og destruert i 2017.

Det er eit spørsmål kva ein no skal gjere med gravminna som har blitt skilta for lengre tid sidan, og som ein ikkje har fått tilbakemelding frå pårørande om.

Det er festar/den som er ansvarleg for fri grav som er eigar av gravminnet og har råderett over grava. Festar har etter gravferdsforskriften § 26 ansvar for at gravminnet ikkje er «*i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på gravplassen*». Etter gravferdsloven § 15 har festar vidare ein plikt til å «*holde graven i hevd*». I dette ligger det ei plikt til å føre tilsyn med gravminnet. Tidlegare rådgjevar i gravplassaker Helge Klingberg skriv i si bok «Den nye kirkegårdsboka» at denne tilsynsplikta inneber at festar i det minste må inspisere gravminnet vår og haust.

Når festetida er ute, og festet ikkje har blitt fornya skal vedkommande gravminne verte fjerna. I første omgang er det festaren si plikt å sørge for fjerning. Ofte er det likevel gravplassen sine folk som tek hand om gravminnet. Etter gravferdsloven § 18 vil gravutstyr/gravminne som ikkje er gjort krav på innan 6 månader tilfalle gravplassen. Det vert då opp til gravplastyresmaktene å avgjere om gravminnet skal verte fjerna frå gravplassen eller takast vare på (i tilfelle gravminnet har kunstnarisk eller kulturhistorisk verdi).

Vurdering

Når det ikkje har vore respons på skilting av graver utan registrert festar innan eit år, bør ein kunne fjerne gravminnet. For å vere heilt sikker på at det ikkje er pårørande som ønskjer å bevare grava, bør ein setje bort gravminnet til lagring ei tid før det vert sendt til destruksjon. Om ein let det gå minst eit år før vedkommande gravminne vert sendt til destruksjon, vil ein i alle høve ha gitt pårørande god tidsfrist til å gjere krav på gravminne.

På bakgrunn av dette vert følgjande tilrådd:

1. Når ein frigjer plass der det i dag er sett til sides eldre gravminne, kan ein nytte delar av denne plassen som mellomlager for gravminne før destruksjon.

2. For graver der det ikkje ligg føre gyldig festeavtale, og pårørande ikkje har gitt respons på skilting innan eitt år, vil vedkommande gravminne verte sett til sides dersom gravminnet ikkje har kunstnarisk eller kulturhistorisk verdi.
3. Gravminne som ikkje vert gjort krav på innan eitt års mellomlagring kan ein sende bort til destruksjon.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd følgjer rutine for fjerning og destruksjon av gravminne, der festar ikkje er registrert, som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd følgjer rutine for fjerning og destruksjon av gravminne, der festar ikkje er registrert, som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

SR 2016/56 Offerliste hausten 2016. Justering.

UTGREIING

Askvoll sokneråd har motteke ei førespurnad frå Vingklubben i Bulandet vedrørande offer i Bulandet kapell på gudstenesta 4. desember.

Etter vedteke plan skal offeret denne dagen gå til kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Yngreslaget Ving deltek på lysmessa denne dagen, og ønskjer ha utlodding under kyrkjekaffien til inntekt for laget. Dei ønskjer difor at ordinært offer utgår denne dagen. Yngresklubben Ving opplyser at tidlegare år har laget hatt adventssamling med utlodding på Fiskarheimen, og i og med at Ving deltek i lysmessa i kapellet no i adventstida, kan det vere naturleg å tenkje at offeret utgår.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gjer slik justering i offerplan for hausten 2016: Oppsett offer 4. desember til kyrkjelydens misjonsprosjekt utgår, og Ving kan halde utlodding under kyrkjekaffien. Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt vert utsett til våren 2017.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gjer slik justering i offerplan for hausten 2016: Oppsett offer 4. desember til kyrkjelydens misjonsprosjekt utgår, og Ving kan halde utlodding under kyrkjekaffien. Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt vert utsett til våren 2017.

FR 2016/57 Utstillingsmonter til messehakel, Holmedal kyrkje

UTGREIING

I soknet sin VU-plan 2016 er planlagt å få laga eit utstillingsmonter for den gamle messehakelen frå seint 1600-tal i Holmedal kyrkje.

Fleire handtverkarar har vore kontakta, og Trappeprodusenten AS har teke på seg oppdraget å lage ein slik til kyrkja.

Tysdag 11. oktober var det synfaring i kyrkja, der Terje Mork og Rune Ziener frå soknerådet drøfta ei løysing saman med trappeprodusenten.

Ein har no motteke ei skisse på eit slik monter i samsvar med løysinga som vart drøfta.

Monteret er ei vegghegt trekasse, der form (ornament) tek igjen bogeforma som er på dei eksisterande gamle salmenummertavlene i kyrkja.

Storleik er 80 cm breidde, ca. 140 cm høgde og 20 cm djupne.

Monteret har lukka tredører i fronten for at messehakelen kan lagrast lystett, og at ein slik unngår lysbleiking etc. av tekstilene.

Bak tredørene vert det glasdekke, slik at ein ikkje kan ta direkte på messehakelen, med den slitasje og tilsmussing det vil føre til over tid.

Det er ikkje tenkt nokon låseanordning eller dørhandtak på monteret.

Monteret vil verte levert i ubehandla bjørk/bøk, og ein må måle skapet i fargar som harmoniserer med kyrkjerommet for øvrig (grånyansar).

Ulike plasseringar av utstillingsmonteret har vore vurdert. Helst burde det ha vore plassert utanfor sjølve skipet, t.d. i våpenhuset, men det er ikkje nokon eigna plass til det.

Beste plassen i skipet vil vere i barnekroken under galleriet på skipet si langvegg. Bokhylla må i så fall flyttast bort under den nye galleritrappa.

Ein fast installasjon i kyrkjerommet krev godkjenning frå biskopen.

Prisestimatet ligg om lag kr 10.000,- over budsjettet, men om ein får til levering i 2016, vil det vere rom for omdisponeringar innanfor dagens VU-plan.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel løysing for utstillingsmonter for messehakelen i Holmedal kyrkje i samsvar med skissa frå Trappeprodusenten AS.
2. Søknad om godkjenning av innplassering av dette i kyrkjerommet vert sendt Bjørgvin biskop.
3. Om ein får til levering i inneverande budsjettår gjer kyrkjeverja nødvendige omdisponeringar innanfor vedteke VU-plan.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vel løysing for utstillingsmonter for messehakelen i Holmedal kyrkje i samsvar med skissa frå Trappeprodusenten AS.
2. Søknad om godkjenning av innplassering av dette i kyrkjerommet vert sendt Bjørgvin biskop.
3. Om ein får til levering i inneverande budsjettår gjer kyrkjeverja nødvendige omdisponeringar innanfor vedteke VU-plan.

FR 2016/58 Lyssetting ved Vilnes kyrkje. Justert planskisse.

UTGREIING

Tysdag 01. november var det prøvelyssetting ved Vilnes kyrkje i samband med det pågåande lyssettingsprosjektet i investeringsbudsjettet for 2016.

Frå soknerådet stilte Jostein Gryte, Stein Hugo Fykse og Rune Ziener. Frå kyrkjelydsutvalet for Vilnes stilte Edvin Landøy og Gunn Sætre.

Under prøvelyssettinga vart det vurdert kva som var dei mest fungerande løysingane, og merknadene frå Riksantikvaren som er sett fram i forhold til vedteken planskisse. Det var ikkje tilgjengeleg komplett tal armatur i forhold til vedteken planskisse, og lysstolpe til parkeringsplassen er ikkje prøvd på staden.

Vudering

Flaumlys

Flaumlys for opplysing av kyrkjefasadane. Her var to lyskastarar prøvd. Ein konkluderte med at det vil vere tilstrekkeleg med eitt lyspunkt per fasade for å lyse opp kyrkja. Fasade mot aust er ikkje vurdert, i og med at soknet ikkje eig areal på denne sida av kyrkja, samt at skogvekst kjem nært opp til denne fasaden, så den er lite synleg. Med dei utprøvde lyskastarane såg kyrkja godt opplyst ut frå vegen nedanfor, og relativt godt opplyst ut frå hovudvegen.

Lyspunkt plassert for å lyse opp fasade mot vest (hovudinngangen) kan vere sjenerande/blendande når ein kjem ut av kyrkja. Truleg kan ein ikkje unngå dette, så lenge ein vil opplyse heile vestfasaden.

Festepunkt for lyskastarane bør vurderast vidare, men truleg vil festing på trepålar vere ei god løysing.

Pullertar langs gangvegen

Her hadde ein berre éin pullert tilgjengeleg for prøving. I opphavleg planskisse var lagt opp til fire pullertar langs gangvegen frå port til kyrkje. Riksantikvaren skriv at kanskje berre éin pullert er tilstrekkeleg.

Med berre éin pullert vert ikkje heile gangvegen opplyst, og om den står midtvegs i stien er det svært mørke parti i endene av gangvegen. Om utprøvd type vert nytta trengs det truleg 2-3 stk.

Pullerttypen som vart prøvd synest ikkje optimal. Det vart godt opplyst på vegen, med relativt god lysspredning på bakkenivå, likevel ga den for mykje lys ut på sidene slik at ein vart noko blenda av det sterke lyset. Også sett på avstand (frå hovudvegen ca. 260 meter unna) var lyset frå pullerten intenst og vart for dominerande i forhold til den svakere opplyste kyrkja.

Ein bør prøve å finne ein annan type armatur som har betre avskjerming, og meir direkte lysståle mot bakkenivå. Då vil ein truleg få eit mindre opplyst bakkeareal ved kvart lyspunkt, noko som kanskje må kompensast med fleire lyspunkt.

Marklys/bakkelys ved bautastein

Ein prøvde éitt bakkelys (9 w LED) ved bautasteinene. Isolert sett fungerte lyssettinga her

estetisk bra. Likevel vart det vurdert at denne LED-belysningen var for sterk, når ein så totalbildet av opplyst kyrkje pluss bautastein. Ein sterkt lyssett stein dominerer visuelt sett samen med den opplyste mørke fasaden på kyrkja. Her bør ein gå for svakare lyskilder som også er dimbare.

Innfestingsløysinga av armatura med gjennomhola stein, lagt i eksisterande steinfelt framfor bautasteinane synest å vere ei god estetisk løysing.

Lysstolpar ved parkeringsplass

Desse stolpane hadde ein ikkje tilgjengeleg for utprøving, og er såleis ikkje vurdert.

Konklusjon

1. Tre lyskastarar til fasadeopplysning vert tilrådd. Ein må sjå nærare på festeanordning for lyskastarane.
2. Ein tilrår finne betre avskjerma pullertar til opplysning av gangvegen, og går for nødvendig tal pullertar, slik at heile gangvegen vert opplyst utan mørke parti imellom.
3. Ein tilrår å ha bakkelys på begge sider av kvar av dei tre bautaene. Lyset må vere dimbart, og lyskjeldene bør kanskje vere noko svakare enn den som er prøvd.
4. Ingen særskilt konklusjon om lysstolpar på parkeringsplassen, då desse ikkje er prøvd.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd justerer planskisse for lyssetting ved Vilnes kyrkje i samsvar med konklusjonspunkta over.
2. Med utgangspunkt i konklusjonen over etter prøvelyssetting arbeider kyrkjeverja vidare med saka i dialog med Riksantikvar og biskop forhold til godkjenningprosessen.
3. I samarbeid med elektrikar finn ein tilfredsstillande tekniske løysingar i samsvar med konklusjonspunkta over.
4. Soknerådet sitt AU får fullmakt til å ferdigstille prosjektet innanfor tidlegare budsjettvedtak og justert planskisse.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd justerer planskisse for lyssetting ved Vilnes kyrkje i samsvar med konklusjonspunkta over.
2. Med utgangspunkt i konklusjonen over etter prøvelyssetting arbeider kyrkjeverja vidare med saka i dialog med Riksantikvar og biskop forhold til godkjenningprosessen.
3. I samarbeid med elektrikar finn ein tilfredsstillande tekniske løysingar i samsvar med konklusjonspunkta over.
4. Soknerådet sitt AU får fullmakt til å ferdigstille prosjektet innanfor tidlegare budsjettvedtak og justert planskisse.

SR 2016/59 Val av leiar og nestleiar i Askvoll sokneråd

UTGREIING

Etter *Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet* § 1-3, skal det vere val av leiar og nestleiar for soknerådet kvart år.

Valet går føre seg skriftleg.

Den som har vore leiar eitt år, kan unnslå seg val påfølgjande år.

Valperioden strekker seg frå 1. november til 31. oktober.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Det vart sett fram to forslag:

1. Frå Wenche Ness Gabrielsen om Jostein Gryte som leiar.
2. Frå Aud Eldrig Frøholm om Wenche Ness Gabrielsen som nestleiar.

Det var skriftleg avrøysting.

Jostein Gryte fekk 10 røyster i valet av leiar.

Wenche Ness Gabrielsen fekk 10 røyster i valet av nestleiar.

1 røystesetel vart forkasta.

VEDTAK

1. Jostein Gryte vart valt som leiar i Askvoll sokneråd.
2. Wenche Ness Gabrielsen vart valt som nestleiar i Askvoll sokneråd.